

Samferdsleminister Jon-Ivar Nygård
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/ leiar Erling Sande
Hordalandsbenken
Vegdirektoratet / Statens vegvesen
Bergen kommune, byrådsleiar
Vestland fylkeskommune v/fylkesordførar

Uakseptabel utvikling for Ringveg øst – og strekkja Vågsbotn - Klauvaneset

Regionrådet Nordhordland vil med dette vera tydeleg på at det er uakseptabelt og uforståeleg at Statens vegvesen ikkje har tatt med strekninga Vågsbotn - Klauvaneset (første del av ringveg aust) i sin gjennomføringsplan for 2022-2027.

Alle nivå av demokratiet lokalt (Bergen kommune og kommunane i Nordhordland), regionalt (fylket) og nasjonalt (*stortinget gjennom ein fleirtalsmerknad når NTP vart vedtatt i Stortinget i juni 2021*), er einige om at denne strekkja må ha oppstart i første periode av NTP. I motsetning til andre prosjekt som ligg i «kommentarane», manglar ikkje dette prosjektet finansiering i første periode. Utover finansiering på 500 MNOK i NTP har strekkja 1,5 MRD frå byveksttalen.

Strekkja Vågsbotn - Klauvaneset er svært viktig for Nordhordlandsregionen og Bergen med tanke på felles bu- og arbeidsmarknad nord i Bergensregionen – og for pendling og næringsliv til/frå Bergen til Mongstad / Fensfjordområdet og nordover i Vestland fylke. Vegen er utrykkingsveg til / frå Nordhordland for nødetatane, og med lange køar og hyppige ulukker, er faren stor for at utrykkingskøyretøy ikkje vil kome fram.

Samtidig vil Regionrådet peika på at ny veg gjerne er endå viktigare for alle dei som bur langs vegen mellom Klauvaneset og Vågsbotn med tanke på eit trygt og godt bumiljø. E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset har ein årsdøgntrafikk på 20 000 midt på strekket (30 000 ved Haukås/Eikås), 12 % av dette er tungtrafikk, dvs. 2500 køyretøy, mange med farleg gods. Vegbreidda er mindre enn 6 meter på det smalaste, og det er 25 uoversiktlege av- og påkøyrslar på strekkja. Kvar dag står lokalbefolkninga og stampar for å koma seg ut på E39, noko som ofte fører til farlege situasjonar.

Det har sidan Nordhordlandsbrua sto ferdig i 1994, vore lagt ned enormt med arbeid og ressursar for å få ei betre og meir framtidsretta løysing på plass mellom Klauvaneset/Nordhordlandsbrua og Vågsbotn. No er prosessen og prosjektet kome så langt at det vil vera totalt uakseptabelt for kommunane, næringslivet og ikkje minst innbyggjarane langs strekkja dersom prosjektet vert skyvd endå lengre ut i tid.

Regionrådet Nordhordland forventar no at alle partar - Bergen kommune, Vestland fylkeskommune, Stortinget og Regjering prioriterer at strekkja kjem som første byggetrinn av Ringveg øst og vert realisert i første periode av Nasjonal transportplan.

Knarvik 17. februar 2022

Ordfører i Alver



Sara H. Sekkingstad

Ordfører i Austrheim




Per Lerøy

Ordfører i Fedje




Stian Herøy

Ordfører i Gulen




Hallvard Oppedal

Ordfører i Masfjorden



Karstein Totland

Ordfører i Modalen



Kjetil Eikefet

Ordfører i Osterøy



Lars M. Fjeldstad

Ordfører i Vaksdal



Hege Eide Vik

Region Nordhordland IKS



Rune Heradstveit

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland
Nordhordland Næringslag